

STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

1. juli 2019

Vi har lært opp 150 nynorskpraktikantar sidan starten for 15 år sidan, og 56,7 prosent av dei arbeider i media. 39 prosent er i NRK. 15 prosent arbeider med avis/nett og fire prosent i andre media. Vel 16 prosent arbeider med informasjon, språk og reklame.

Dei to nynorske mediesentera i Førde lærer kvar opp ti nynorskbrukande journalistar i året. Seks av journalistutdanningane i landet har knapt ti nynorskbrukande studentar til saman, har nettavisa Framtida.no funne ut.

Meir sams ansvar for godt språk i NRK

- Det har blitt lettare og kjekkare å snakke om språk i NRK. Tonen har blitt betre, vi er kjekkare med kvarandre. Då eg byrja i NRK tykte eg ofte at språkdiskusjonane var ubehagelege og krasse. Det verka viktigare å syne kor god ein var sjølv, framfor å hjelpe andre. No er vi meir eit lag med eit sams ansvar for godt språk, seier den første språksjefen i NRK, Ragnhild Bjørge, som no sluttar i NRK for å bli redaksjonssjef i nettavisa Khrono, med base i Bergen.

Bjørge vedgår at det er litt synd å slutte no når NRK, etter snart 50 år med krav om minst 25 prosent nynorsk, er nærmare enn nokon gong til å nå målet samla sett. – Ved utgangen av mai var vi på rette sida av 25 prosent, men det gjeld å halde trykket oppe, for å nå målet både i år og komande år, seier Bjørge. Ho gler seg over at kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen på Dei nynorske festspela nyleg sa at NRK må jobbe med dette kvart år, slik at det blir varig. – Det har mykje å seie at kringkastingssjefen er så tydeleg og krev handling, og at han gjer leiarane på alle nivå ansvarlege for språket i NRK, seier Bjørge.



(Sjå heile intervjuet med Bjørge på www.nynorskmediesenter.no)

- Det har vore eit eventyr

Kull 30 er ferdig med halvåret som nynorskpraktikantar og har no sommarjobbar i NRK. Magnus Helle har hatt praksis i NRK Sport og held fram i sommarjobb, Ragnhild Voreland i NRK Finnmark og har sommarjobb der. Tonje Noreng Trøen hadde praksis i NRK Supernytt og har fått vikariat i NRK Sogn og Fjordane ut året. Ola Weel Skram hadde praksis i NRK Sogn og Fjordane og er

vikar der til over valet. Idunn Lavik har vore i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende og har fått sommarjobb som tv-reporter.



Kull 30, frå venstre: Tonje Noreng Trøen, Ragnhild Voreland, Idunn Lavik, Ola Weel Skram og Magnus Urup Helle.

Magnus Urup Helle (1995): - Praktikantperioden har vore veldig god, både i Førde og her i Oslo. Det er ei god kjensle å glede seg til å kome på arbeid. Eg har Nynorsk mediesenter å takke for at eg no kjenner meg klar til å starte arbeidslivet som journalist.

Ola Weel Skram (1991): - Tida mi i praksis i NRK Sogn og Fjordane har vore ein svært kjekk og lærerik periode. Her i Førde har eg fått mykje ansvar og tillit på fleire medium, særskilt som ute-reporter der eg har fått bryne meg på ein god del live-sendingar på radio. Det store høgdepunktet var nok då eg gjekk live på Vestlandsrevyen under fotballkampen mellom Sogndal og Brann.

Idunn Lavik (1995): - Eg ser tilbake på seks månader med mykje læring, utfordringar og moro. Eg har fått reist mykje rundt, møtt ulike menneske og fått laga saker med både håp, humor, hjarte og hjerne. Dei to siste månadane har eg hatt praksis i Innanriks-redaksjonen på Marienlyst, og det har vore utruleg spennande. Ein ting er å lese nyhenda, ein annan ting er å stå midt i redaksjonen der nyhenda vert skapt, forma og formidla - for så å høyre folk diskutere sakene

som vert laga her seinare. Det er litt vemodig å ikkje lenger vere nynorskpraktikant, men samstundes føler eg meg no budd for journalistyrket og alt det som ventar meg der.

Ragnhild Voreland (1995): - Tida som nynorskpraktikant har vore ei utruleg lærerik og utfordrande oppleving. Eg angrar ikkje på at eg søkte meg til NRK Nynorsk mediesenter. Sjølv om eg ikkje har bakgrunn frå journalistikk, synest eg det har vore ei svært god opplæring, og eg føler meg no godt rusta i jobben som journalist. Det er sjølvsagt mykje meir å læra, men desse seks månadane har i alle fall gitt meg eit solid grunnlag. Eitt av høgdepunkta har vore å få reisa rundt og møta på ulike menneske, i tillegg til å arbeida med mykje spanande og varierte saker. Det har også vore interessant å sjå korleis ulike distriktskontor arbeider, og eg er glad eg valde eksternpraksis i NRK Finnmark.

Tonje Noreng Trøen (1992): - Desse seks månadane har vore eit eventyr. Å lære så mykje på eit halvt år er nesten utenkeleg om ein ser det frå utsida. Men det har vi altså gjort. Og det betyr også at det har vore litt av ein karusell, fantastisk for dei av oss som likar å utfordre seg sjølv.

Dei fire månadane i Førde var vi i vår eiga kuvøse. Alt var nytt. Så var vi fem praktikantar som skulle vere sambuarar, vene og kollegaer. Det var trygt og fint, og å skilje lag då vi skulle i ekstern praksis markerte både ein slutt og ein start. Eg har vore i Supernytt på Marienlyst. Her har eg fått utfordra meg på ei anna formidling, utvida horisonten og fått forståing av at journalistikk kan gjerast på så mange måtar. Eg har fungert som videojournalist og fått vere kreativ og sjølvgåande. No gjeld det å ta med alle erfaringar eg har fått inn i vidare jobb.

Dette er kull 31

To kvinner og tre menn vert nynorskpraktikantar frå hausten av. Det er Lars Volldal frå Leikanger i Sogn, Oda Elise Svelstad, Sel i Oppland, Elias Håvarstein, Randaberg i Rogaland, Vilde Gjerde Lied, Stranda på Sunnmøre og Hans Ivar Moss Kolseth frå Nordfjordeid.



Det var 34 søkjarar og tolv av dei var inne til intervju, nynorsk- og studiotest. Dei skal byrje på opplæringa i Førde 19. august og er ferdige som nynorskpraktikantar til 1. mars 2020. Her litt om bakgrunnen til dei fem på kull 31:

Lars Volldal (1987), bachelor i historie frå Universitetet i Bergen, med fokus på vitskaps- og politisk historie. Redaktør og ein av grunnleggarane av tidsskriftet *Røyst*, eit politisk tidsskrift på venstresida i norsk politikk. Han har vore aktiv i Miljøpartiet Dei Grøne, men er ikkje medlem av noko parti lenger. Elles har han m.a. vore aktiv i Studentersamfunnet og driftsleiar for Det Akademiske Kvarter i Bergen.

Oda Elise Svelstad (1993), lektor i nordisk og engelsk ved Universitetet i Oslo, med fokus på fagleg formidling. Ho har budd eitt år i Paris der ho studerte fransk språk, kultur og sivilisasjon. Ho har òg eit år med Europastudium ved UiO. Det siste året har ho arbeidd som kulturjournalist i Radio Nova, Studentradioen i Oslo, og fått lyst til å bli journalist.

Elias Håvarstein (1996), har studert religionshistorie og psykologi ved Universitetet i Bergen, og tysk i Berlin. Håvarstein gjekk i den siste nynorskklassen i grunnskulen på Randaberg (nabokommune til Stavanger). Som voksen tykkjer han det er rart at dei var dei siste med nynorsk hovudmål der, når dialektene deira ligg mykje nærmare nynorsk enn bokmål. No ynskjer han å bli betre i nynorsk og lære seg journalistikk.

Vilde Gjerde Lied (1995), bachelor i samfunnsgeografi frå Universitetet i Oslo, med fordjuping i politisk og økonomisk geografi. I bacheloroppgåva såg ho på samanhengen mellom eit kostnadseffektivt samfunn og fråflytting frå bygda. Har også eit semester ved

Universitetet i São Paulo, i Brasil. Lied har vore aktiv i Latin-Amerika-gruppene og redaksjonsmedlem i Tidsskrift LatinAmerika, og sentralstyremedlem i Natur og Ungdom.

Hans Ivar Moss Kolseth (1995), bachelor i nett- og avisjournalistikk ved Høgskulen i Volda. I samband med studia har han arbeidd i Bergens Tidende, Teknisk Ukeblad, Digi.no, Fjordingen og Studenttorget.no. Kolseth ynskjer å bli betre i nynorsk som mediespråk og å lære seg radio og fjernsyn. Han har òg studert samfunnskunnskap ved NTNU.

Nye faste jobbar

Diverre er det ingen faste jobbar i media å melde om sidan vi oppsummerte med tre nye i mars i år. Det er mange tidlegare nynorskpraktikantar i kortare og lengre vikariat, både i NRK og media elles, til over valet i haust. Då spørst det kor mange ledige jobbar det er, og kor mange leiarar som tenkjer på samanhengen mellom nynorskprosenten i NRK og tilsetting av journalistar som brukar nynorsk.

Men vi gler oss sjølvsgått over at tidlegare nynorskpraktikantar får seg faste jobbar elles, og at dei kan brukast til mangt på ulike felt av samfunnslivet:



Thomas Brakstad til Brann

Thomas Brakstad (29) vert ansvarleg for media og kommunikasjon i Sportsklubben Brann frå 1. august. Han kjem frå jobben som vaktsjef i NRK Sogn og Fjordane. Brakstad var nynorskpraktikant våren 2015 og har etter det arbeidd i NRK Sport og NRK Sogn og Fjordane.



Ragnhild Bjørge til nettavisa Khrono

Språksjefen i NRK, Ragnhild Bjørge (42), er tilsett som redaksjonssjef for nettavisa Khrono, med base i Bergen. Khrono skal drive kritisk journalistikk om alt som har med høgare utdanning å gjøre. Som red.sjef vert Bjørge ein del av leiinga i Khrono. Bjørge var nynorskpraktikant i 2007, og forutan tida som språksjef arbeidde ho lengst i Dagsnytt.



Gunn Evy Auestad til Haugland Kraft

Gunn Evy Auestad (33) er tilsett som kommunikasjonsrådgjevar i Haugaland Kraft i Rogaland. Ho var nynorskpraktikant våren 2010 og fekk fast jobb i NRK.no. Slutta i NRK i 2016 og tok ein master i Naturbasert reiseliv på Norges Miljø- og Biovitskaplege Universitet (NMBU), på Ås. Auestad har vore kommunikasjonsrådgjevar der etter avslutta studiar.

To nominerte til Prix Radio



Arianrhod Engebø er nominert til prisen "Årets unge radioprofil" i Prix Radio under Radiodagane. Ho har sitt eige program på NRK P3 med tittelen "Arian".

Sigrid Agnethe Hansen, som er ein av programleiarane for "Fredag ettermiddag" i NRK Troms, er òg nominert. Dei er nominerte i kategorien "Årets lokale sendeflate".

Det vert delt ut 19 radioprisar under Radiodagane 20. september og det er fem nominerte i kvar kategori. - Prix Radio er norsk radiobransje si Oscar-utdeling og nok ein gong er nivået heva, seier Morten Scott Janssen, som er leiar for hovudjuryen. - I år er det bidrag frå 20 ulike radiostasjonar og podcastprodusentar, og det syner breidda i radioproduksjonen i Noreg, seier Janssen.

Arianrhod Engebø (25) var ferdig som nynorskpraktikant i våren 2018. Ho har vore vikar i NRK P3 og mP3, på Tyholt, etterpå. I vår vart ho programleiar for sitt eige program i NRK P3, "Arian", oppkalla etter henne.

Sigrid Agnethe Hansen (29) var ferdig som nynorskpraktikant i 2015 og fekk fast jobb i NRK Troms i 2016. Der er ho programleiar og produsent.



Journalistpris frå Circom til Solveig Hareide

Solveig Hareide og laget som laga programserien "Latterlig smart" i NRK 1 fekk i år Prix Circom sin journalistpris i kategorien "Best Drama and Entertainment". Circom er den største internasjonale journalistkonkurransen for regionale kringkastarar i Europa. Det var Hareide som hadde ideen til serien og var produsent og programleiar.



Solveig Hareide (i midten), tok mot prisen saman med dei to som hadde regi, Lars Skjønberg og Cathrine Gaukerud.

- Det er veldig stor stas å få heider for eit konsept som eg har utvikla i ei tid der det er stor konkurrans og mykje fokus på tal. Målet for "Latterlig smart" var å få vitskap ut til folket, og ikkje berre dei som var interesserte i det frå før av. Difor valde vi å kombinere ein forskar og ein komikar som radarpar. Det var ein veldig morosam serie å jobbe med, og no ser vi på om vi kan utvikle han vidare, seier Solveig Hareide. Cathrine Gaukerud og Lars O. Skjønberg hadde regien på serien, og fleire frå NRK Trøndelag var med på opptak over heile verda. Solveig Hareide (35) var nynorskpraktikant i 2005 og arbeider i vitenredaksjonen på Tyholt.

Espen Breivik la ned grunnstein i Vinje



Oda Malmin og Espen Breivik. Foto: Nynorsk Kultursentrum

VG-journalist Espen Breivik la i mai ned grunnsteinen for Vinje-senteret i Vinje saman med forfattardebutant Oda Malmin. Vinje-senteret skal vere eit nasjonalt senter for dikting og journalistikk.

Vinje-senteret ber namnet til den fyrste moderne journalisten i Noreg, Aasmund Olavsson Vinje (1818-1870), som kom frå Vinje. Det nye museumsbygget skal stå ferdig i løpet av 2020 og blir opna i 2021.

Journalist Espen Moe Breivik (26) var nynorskpraktikant i NRK Nynorsk mediesenter våren 2017. Han arbeidde først i politisk avdeling i NRK og byrja i VG våren 2018, og han prøver å bruke nynorsk i avisene. No er han mest å sjå i VG-TV.

Nynorskpris for journalistar til Kjersti Mjør

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar gjekk i år til journalist Kjersti Mjør i Bergens Tidende. – Eg er stolt av å stå i ein tradisjon av kvinner og menn som heilt sidan Vinje har skildra og rapportert frå samfunn, politikk, økonomi - frå kvardagane våre - på nynorsk, sa Kjersti Mjør i takketalen sin i Aasentunet 14. juni.



Den fyrste ho takka var Ivar Aasen, for at han gav oss eit språk å skrive på. Ho understreka òg at ho var stolt og glad for å få denne heideren, samstundes som ho dvelte ho litt med nemninga «nynorskjournalist». - Eg identifiserer meg som journalist, men i kva grad identifiserer eg meg som nynorskjournalist? Motsatsen må då vera bokmålsjournalist, eit ord eg knapt har høyrt i bruk. Men eg er klar over at ein del tenkjer på meg som nettopp nynorskjournalist, sa Kjersti Mjør. Poenget hennar er at språket ikkje må skugge for innhaldet. Sjølv vil ho kalle seg ein journalist som skriv på nynorsk.

Det var leiaren for juryen, Solveig Barstad, som delte ut prisen. Juryen seier at sakene til Kjersti Mjør er prega av stor varme for menneske, nysgjerrigkeit og humor. Språket hennar

er klart og presist. Eit særleg kjenneteikn er at ho går djupt inn i historiene sine og stiller viktige spørsmål. - Der andre journalistar stoppar når aktualiteten er over, har ho fleire gonger gått vidare og utforska historia bak historia. Ho har ei særleg evne til å skildre folk og deira liv og lagnader, sa juryleiar Solveig Barstad.

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er på 50.000 kr. og eit kunstverk. I år var det «Evas slangar» av Oddvar Torsheim. Føremålet med prisen er å fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Det kom inn 23 framlegg til kandidatar i år. I juryen sit Solveig Barstad, Inger Johanne Sæterbakk og Øystein A. Vangsnes. Nynorsk mediesenter er sekretariat for prisen.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. juli 2019 har vi sendt frå oss 150 nynorskpraktikantar, og 56,7 prosent av dei arbeider i media. 39 prosent arbeider i NRK. 15 prosent arbeider med avis/nett og fire prosent i andre media (TV 2, Radio 1 og frilans). Utanom media arbeider 16,7 prosent med informasjon, språk og reklame.

Vi har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: Dagsnytt, Dagsrevyen, Sporten, NRK P3, Ekko i P2, Norgesglasset, Kveldsåpent og Nattradioen i P1.

Vidare er det tidlegare praktikantar ved distriktskontora i Finnmark, Troms, Nordland, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Telemark, Buskerud og Oppland.

Det er også journalistar med bakgrunn herifrå som til dømes er nyhendeanker i TV 2, nyhenderedaktør i Nationen, frontsjef i Vårt Land, og journalistar i VG, Vest-Telemark Blad, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Telemarksavisa og Drammens Tidende.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving og reklame i til dømes: Språkrådet, Allkunne, Valdirektoratet, Røde Kors, Barne- og familiedepartementet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag, PR-operatørene, osv.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølv hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 29: 20. august 2018 – 28. februar 2019



Ida Yasin Andersen (1992), er vikar i NRK Hordaland. **Birgitte Vågnes Bakken** (1993) og **Elise Krien** (1996) er begge vikarar i NRK Nyhende. **Solveig Nyhus Aksnes** (1995) er vikar i NRK Møre og Romsdal og **Ingvild Aleksandra Eide** (1993) er vikar i Bladet Sunnhordland.

Kull 28: 3. januar – 30. juni 2018



Anders Martin Helle (1994) er vikar i NRK Buskerud. **Turid Astrid Reksten** (1983) er feltprest i Forsvaret. **Sigrid Sivertsen Haugan** (1994) studerer arabisk ved Universitet i Oslo. **Bente Kristin Rundereim Kjøllesdal** (1990) er journalist i nettstaden Framtida.no. **Fredrik Johan Helland** (1990) arbeider på flyplassen i Florø, som samordnar i helikopterselskapet Bristow.

Kull 27: 21. august 2017 – 28. februar 2018



Arianrhod Engebø (1993) er programleiar for P3-programmet «Arian» i P3 på Tyholt. **Synne Ulltang** (1989) er prosjektmedarbeidar ved Bergen Bibliotek. **Borghild Andersdotter Vevle** (1993) er

forskulelærar. **Linda Watten** (1994) er sommarvikar i nettavisa Porten.no. **Ådne Sandvik Dyrnesli** (1993) er frilansfotograf.

Kull 26: 4. januar – 30. juni 2017



Aleksander Båtnes (1992) er inf.medarbeidar i Sør Trøndelag Røde Kors. **Wibeke Bruland** (1984) er fast tilsett i NRK Finnmark. **Snorre Sandemose** (1983) er guide og lærar i Bergen. **Sigrid Sørumgård Botheim** (1985) er rådgjevar i Språkrådet og **Espen Breivik** (1992) er vikar i VG -TV.

Kull 25: 22. august 2016 – 28. februar 2017



Marte Iren Noreng Trøen (1990) er sommarvikar i Bauer Media i Oslo. Ho les nyhende på kanalane; Radio Norge, Radio 1 og Radio Rock. **Anders Tesdal Galtung** (1993) studerer rettsvitenskap ved Universitetet i Stavanger. **Krista Lien Indrehus** (1989) er lærar i Trondheim. **Josef Benoni Ness Tveit** (1997) har sommarjobb i NRK Nordland og **Kathrine Nygård** (1993) er frilansar og leiar for Kringkastingsringen.

FAKTA OM TRE SYSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er

modell for dei to andre. Leiar: Magni Øvrebotten

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiar: Kjell Ove Nordeide.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjrarar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15.oktober.